

REFERAT FRÅ MØTE i ARBEIDSMILJØGRUPPE VED MANGER SKULE FRED 01.11.19

1. AVVIK

Det er 15 avvik totalt i tidsrommet 30.08.-31.10.19 – men nokre er uønska hendingar. Avvik må ha initialar på elevane + klasse.

Avvika gjeld nesten utan unntak gut TV5 og 3 gutter i 3. kl.

Avviksmeldingane fordeler seg slik blant personalet:

SM 1 (Ni3)
ESi 2 (den eine er uønska hending- viste fing, den andre?)
SJ 7 (6 på TV5 + 1 på MRV2A)
AKr 3 (1 på SE3, 1 på JE3 og 1 på Ni3???)
MB 1 (SE3)
JE 1 (TV5)

Rolegare i 3.kl, men mange alvorlege hendingar med TV i 5A i dagane torsdag 24. okt – onsdag 30. okt. Sjå avvik. Ny oppmelding til BV frå skulen sendt torsdag 24. okt – høgt udokumentert fråvær.

Me må avklara i personalet kva som er uønska hending og kva som er avvik. Det viktigaste er at ting vert skrive ned, kan i einskilde tilfelle vera vanskeleg å vita kva som er kva. Sandra har kopiert opp ark som uønska hendingar kan førast på.

ALLE tilsette må skriva – også fagarbeidarane. Her er heilt klart underrapportering. Desse må få tid til å skriva avvik.

Primært må tida takast i timer der dei er assistent/fagarbeidar.

Sandra har hatt opplæring med ein del av dei tilsette, dette må videreførast.

Rektor set sak om avvik opp på første møte med lærarane 11. nov, Inger og Sandra må snarast sjå nærrare på kor tid me skal gje opplæring til fagarbeidarane. (Lagt til av Inger ved skriving av referat).

Det er viktig at dei tillitsvalde ber dei tilsette om å skriva avvik eller uønska hendingar når dei evt kjem og «klagar» til dei, og så godt som råd er skiljer på kva som er sak for dei tillitsvalde og kva som er sak for verneombod. Det kan av og til opplevast som om den tilsette går frå den eine til den andre både i leiinga og bland tillitsvalde/verneombod, noko som truleg skuldast både usikkerheit kven sitt «bord» det er og kanskje også ein uvane. Dette må me i gruppa saman jobba med frå kvar vår ståstad.

2. TILSYNSAPPORTE

Denne har medlemene i gruppa fått, omfattande arbeid med korte fristar. Vert å jobba med framover.

Møtetid er satt for analyse av vold og truslar for alle trinn og alle tilsette – sjå vedlegg.
Verneombod er med på desse.

HMS tavle hengja opp – skriva opp avvikstal + uønska hending. Kvar veke. Mm.

Handlingsplan for einskildelevar – skal lagast både for skulen (overordna) og einskildelevar.

